

# KUNST



Konservering av «Nattverden».

## Restaurert etter 450 år

**N**onna Plautilla Nelli (1524–1588) fra Firenze er den første kvinnen som måla «Nattverden». Verket frå 1560-åra er heile to meter høgt og sju meter langt. Trass i storleiken har verket ein elegant, heilskapleg komposisjon. Renessansemaleri er praktfullt utført med breie og sikre penselstrøk kombinert med ein stor detaljrikdom. «Nattverden» er eit hovudverk, og det hang i Nellis eige kloster, Santa Caterina. Det er lett å tenke på klosterlivet som hemmende, men Nelli og medstørstene fekk mykje større fridom til å utfalde talentet enn gifte kvinner. Ho var sjølvlært, det var forbode for kvinner å ta timar i anatomi. Som nonne hadde ho høve til å vie livet til å skildre religiøse scener og lære opp andre kvinnelege kunstnarar.

Plautilla Nelli levde i ei kunstnarleg blomstringstid, samstundes med kunstnarar som Michelangelo, Tizian og Tintoretto. Måleria hennar var svært ettertrakta, ho er også ei av svært få kvinner som vert nemnd av Vasari (1511–1574), ein av dei første kunsthistorikarane. Sjølv om ho var kjend i samtida, er det ein tendens til at kvinnelege kunstnarar vert gløymde når dei dør. Slik også med Nelli. Seinare vart «Nattverden» rulla opp og lagt på lager. Verket var lenge som viska ut av det kollektive minnet. Då verket vart gjenoppdaga for nokre år sidan, var det i ferd med å bli øydelagt av fuktskadar. Organisasjonar som Advancing Women Artists, som arbeider med å løfte fram gløymde kvinnelege kunstnarar, fekk i stand ei omfattande folkefinansiering for å redde verket. Det tok heile fire år før verket fekk att fargeprakta.

19. oktober i år kom verket endelig på plass i Santa Maria Novella Museum i Firenze, og kan endelig vitjast av publikum.

EVA FURSETH



Plautilla Nelli: «Nattverden», 1560-åra, detalj.

EVA FURSETH, kunsthistorikar. eva.furseth@gmail.com

# Sei det med kunst

## VENEZIABIENNALEN

FRIDA ORUPABO, ANE GRAFF, MARIA TEERI, JANNE NABB, INGELA IHRMAN MED FLEIRE

11 MAI – 24 NOVEMBER

Kvart andre år vert det fletta inn meir enn hundre kunstutstillingar i den fagre kanalbyen, til eit uoversiktleg edderkoppnett som utgjer Veneziabiennalen. Du går mellom mangestjerners hotell og motebutikkar av den typen som ikkje har prislappar på kleda – og leitar opp samtidskunst frå heile verda.

Det er absolutt å anbefale at ein vitjar biennalen i oktober, eller helst i november. Dei hektiske opningsdagane i mai er spennande, fylde med fest og kjende menneske, men så mykje kunst får ein ikkje sett. Det er timelange køar gjennom heile sommaren. Men på seinhausten er det meir luft mellom verka, og ein får koncentrere seg på ein heilt annan måte. Attpåtil har venetianarane senka skuldrene og kan vere ganske hyggelege, noko som slett ikkje alltid er tilfelle når det kokar som verst.

I denne eldste av alle



El Anatsui: «Earth Shedding Its Skin», 2019.

kunstbiennalar vert ein bombardert av inntrykk, her ser ein dei kunstnarane som vi kjem til å sjå att i galleri og museum dei neste åra. I biennalen finn ein både nasjonale paviljongar og store hovudutstillingar som i år er kuraterte av Ralph Rugoff, som mellom anna har vore direktør for Londons Hayward Gallery i ei årrekke. Rugoff har sett av god plass til norske Frida Orupabo, den sjølvlærde kunstnaren som vart oppdaga på Instagram og har gjort kometkarriere. Det er få norske kunstnarar som har blitt vist i hovudutstillinga, sist gong var i 2011. Orupabo lagar underfundige fotokollasjar med tema som



Ane Graff: «States of inflammation, Glass Cabinet in Fuchsia glass», 2019. Kjemiske reaksjonar dannar krystallar på korallar som heng i rotliknande konstruksjonar.

Foto: Hilde Rudi Bråten

rasisme og postkolonisme. Gjennom eit leikent, nærrast absurd uttrykk lagar ho ikoniske bilde som vert hengande på netthinnar våår.

## I VÅR TID

Det overordna temaet for biennalen ligg i den tvetydige tittelen «May You Live in Interesting Times», og skal forståast som eit blikk på verdsituasjonen, med vekt på klimaendringar, fattigdom, ufred og flyktningkriser. Dette er eit tema store delar av kunstnarane har vore opptekne av i ei årrekke. Det verkar noko paradoxalt at slike tema vert falda ut utan at dei fysiske omgjevnadene vert kommentert i særleg grad: Venezia er i ferd med å bli slukt av havstiginga, bygningane er prega av meir forfall for kvar gong eg vitjar byen, og husværa er for kostbare for lokalbefolkinga, som pendlar lange avstandar kvar morgen for å kome til arbeid i denne sydande turistbyen.

Truleg var det ikkje meininga, men biennalen er blitt eit slående bilete på kor makteslause reaksjonane våre er i møte med krisene som må lysast i vår tid.

Såleis er det ikkje til å undrast over at bidraget til Litauen fekk prisen for beste nasjonale utstilling. Her var eit stort, fråflytta industribygg omgjort til badestrand, og kvar laurdag vert operaen «Sun & Sea» synt. Scena er imponerande tillaga, koret er kledd for en varm dag på stranda, kring dei leikar born og endå til hundar. Her er bodskapen sunge ut i klartekst, og går kort sagt ut på at vi møter

klimaproblema med å smørje på meir solkrem. Men ein hadde ikkje trunge å gå omvegen om stranda – dei kunne like godt vist spegelbilde av publikum, eller oversiktsbilde av Venezia. Installasjonen maserer meir enn han skakar oss.

## FRITT GHANA

Det som gjorde sterkest inntrykk på meg, var Ghana Freedom. Det er første gong Ghana har ein paviljong, og utstillinga er prega av store ambisjonar. Her har kuratorane forstått korleis eit biennalepublikum beveger seg. Dei loser oss gjennom digre veggkonstruksjonar og får oss til å gløyme den hektiske biennalefeberen.

Blikkfanget er «Earth Shedding Its Skin», 2019 av El Anatsui. Han er ein av få afrikanske kunstnarar som har lukkast internasjonalt utan å flytte frå kontinentet. Gjennom ei årrekke har han utforma tepper av resirkulert materiale i tradisjonelle teknikkar, og gjorde også stort inntrykk på biennalen i 1990 og 2007. Denne gongen er gule flaskekorkar i metall hamra flat og bundne saman til ein gigantisk installasjon.

Teppet har eit slitt uttrykk, som hamnen til ein slange som er i ferd med å fellast. Her fortel kunstnaren på ein vakker, subtil måte om europeiske utbyting, ei utarming av naturressursar som no veltar mot oss som ein enorm vegg av overforbruk og søppel. Vi treng eit hamskifte.

Vi blir heller ikkje upåverka av Felicia Abban. Ho er den første kvinnelege fotografen i



Frida Orupabo: «Utan tittel», 2018, fotocollage. Foto: Eva Furseth

«Etter oss kommer syndfloden.»  
Madame de Pompadour, elskerinna til kong Ludvig 15



Den Nordiske paviljongen, teikna av Sverre Fehn, 1962. Foto: Hilde Rudi Bråten



Detalj frå «States of inflammation, cabinet in lavender coloured glass» med støv frå vegar og industri. Foto: RH



The Goblets (Generalized Anxiety Disorder), 2019, detalj. Foto: RH

Ghana. Her heng kvinneportrett frå seksti- og syttitalet tett i tett i det ein kallar salongoppfeng. Her har Abban portrettert seg sjølv og andre elegante ghanesiske kvinner i tradisjonelle kostyme og vestlege klede. Det er ei særleg stemning i bilda, stolte sjølvmedvitne kvinner, tydeleg prega av at Ghana endeleg vart fritt nokre år tidlegare. Blikka og haldninga til kvinnene fortel at sjølvstende ikkje berre er ein politisk fridom, men høve til å skape eit eige språk for kulturell utfalding og definere eigen identitet, og såleis ta del i samtalet med det som ligg utanfor landegrensene.

#### NORDEN

Noreg har ingen eigen paviljong, men har delt hus med Sverige og Finland sidan 1962. Den nordiske paviljongen er teikna av Sverre Fehn, eit elegant bygg i glas og betong, som løysar opp skilnaden mellom ute og inne. Det har ein open glasfasade, og midt i utstillingssrommet veks trestammar tvers gjennom taket.

Her viser Ane Graff saman med svenske Ingela Ihrman og den finske duoen Nabbeperi utstillinga «Weather Report: Forecasting Future». Kunstnarane har valt ei vitskapleg tilnærming og synet dei nesten umerkelege klimaendringane som er så små og langsame at vi ikkje fangar opp alvoret. Langtidsvarsel i værmeldinga har det med å slå feil, så eit godt tankebilde er det ikkje. Både det finske og det svenske bidraget var også skuffande tamme, og ein ser ei av ulempene med å dele paviljong.

**ETIKETTAR OG AMULETTAR**  
Installasjonane til Ane Graff vekker meir interesse. Ho stiller

ut tre store glaskabinett i vasstrukne, sjuklege versjonar av fargane i det norske flagget. Kvar av dei langstrakte boksane synet oss kjemiske cocktailar av stoff vi omgjev oss med til dagleg. Glasformene har ein venleik som nærmast seg det smaklause, som ein referanse til dei billige suvenirane ein får kjøpt i byen, skilta med «ekte muranoglas», medan dei eigentleg er laga i Kina.

Verka kan synast meiningslause om vi ikkje samstundes granskar dei fyldige verksetketane. Her må vi stave oss gjennom kompliserte ingrediensar, og vi kan ikkje kritisere kunstnaren for å vere lite tilgjengelige gjennom bruken av uforståelege framord; dette er stoff som er brukte i kvardagslege produkt og lista opp på emballasjen. Vi har vant oss til å ete, smørje oss inn med og drikke stoff vi ikkje anar verknadene av. Graff synleggjer korleis menneskekroppen vert forma av vår tid. Tilsynelatande uskuldige produkt som pudder og hårfargemiddel har miljøgifter som kan føre til autoimmune sjukdommar.

Som ein renessansekunstnar arbeider Graff tverrfagleg. I samarbeid med forskarar har ho skapt installasjonar der store mengder stoff reagerer kjemisk med kvarandre. Såleis endrar framsyninga hennar seg gjennom heile utstillingssperioden. Glas sprekk og innhaldet siver ut, andre stoff dannar krystallar som svell som svulstar. Innimellan formene har Graff hengt opp lykkeamulettar som refererer til sjukdommar som alzheimers og MS, lidingar som bryt ned kroppen. Når medisinene ikkje verkar, tyr ein til overtru.

EVA FURSETH

## KUNST LANDET RUNDT



Marit Tingleff, «Det svarte og oransje fatet», 2006. Fatet er heile 150 cm langt. Foto: Nasjonalmuseet / Annar Bjørgli.

**Kari Dyrdal, Torbjørn Kvasbø og Marit Tingleff: Krefter**


*Sørlandets Kunstmuseum  
12. oktober – 26. januar 2020*  
Arbeida i utstillinga er uvanleg store, monumentale og mektige i uttrykket. Dyrdal viser vevnader med digitale verktøy, Kvasbø viser røyforma skulpturar som er brende i store, sjølvbygde omnar etter asiatiske forbilde. Tingleff stiller ut leigods i grenselandet mellom fat og måleri. Utstillinga er tidlegare vist ved Kode i Bergen.



«Palestinian gestures», 2019

**Brynhild Bye-Tiller:  
Participatory observation and documentary methods in Edit Palestine**

*Heimdal Kunstforening  
26. oktober – 24. november*  
Denne rikhaldige utstillinga synet Palestina på ein måte vi ikkje har sett før. Vi kjem tett på menneska i fotografia til Bye-Tiller. Vi dykkar inn i myldrande scener frå kvardagslege miljø, så vel som særskilte hendingar.



«Utviklet til et visst punkt», detalj, 2019, tusj på papir.

**Annika Borg:  
punkt.kontinuum**

*Galleriet i Svolvær  
18. oktober – 12. januar*  
Kvar dag i tjuefem år har Annika Borg kasta eit sett med seks terningar 101 gonger. Desse tilfeldige kombinasjonane av tal vert samla i eit veksande arkiv. Borg utforskar materialet til å utforme teikningar, skulpturar, animasjonsfilmar og lydarbeid.

**Are Andreassen:**

*Galleri Lille Kabelvåg  
19. oktober – 19. november*  
Her er tresnitt og linoleumsnitt med motiv frå Svalbard, Italia og Røst utstilte. Serien RØST-N556 (2018) viser til



registreringsnummeret til fiskebruket Glea på Røst. Kunstnaren tek utgangspunkt i refleksjonar etter møte med kystkultur og forteljingane om venetianaren Pietro Querini, som overvintra på øygruppa etter eit forlis i 1432.

#### Don't feed the monster!

*Punkt Ø Galleri F 15, Moss  
19. oktober – 22. januar*

Tekstil- og klesindustrien er ein av dei mest forureinande næringane i verda. Trass i auka merksamhet på klima er forbruket av klede i sterkt vekst. Tolv designarar og kunstnarar deler historier i spennet mellom reparasjon og gjenbruk, radikale aktivistiske og sosiale prosjekt og nye teknologiske løysingar.



Foto: Atacac - Avatar ©ATACAC, 2019